

Årsmelding 2022

Fjell sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Fjell sokn

ÅRSMELDING FRÅ FJELL SOKNERÅD



**Jorunn
Småbrekke Gjersvik**
Soknerådsleiar

Helsing frå leiaren

Det kjennest framleis meningsfullt å arbeida saman i Fjell sokneråd. Ordet er forkynt rikeleg både vår og haust!

Mykje av vårhalvåret var prega av pandemien. Fram mot sommaren kunne vi samlast i kyrkjelydsalen både til kyrkjekaffi og andre

fellesskap. Dette hadde vi lengta etter.

Arbeidet dette siste halvåret har vore prega av skifte. Då har det vore godt å ha gode medarbeidarar blant dei mange frivillige og i staben. Hjarteleg takk for trufast teneste!

Mi bøn er at Den heilage ande får arbeida med oss og mellom oss i kyrkjelyden og soknet. Vi bad om å få ny sokneprest som gagna Fjell sokn og Guds rike best. Det har vi fått!

Soknerådet

Mottoet vårt for 2020-2023 er:

Nær Gud, nær menneske ved å forkynna Kristus skal vil byggja kyrkjelyd og fremje rettferd.

Året 2022 har vore omskifteleg på fleire måtar. Det byrja med ei gudsteneste med smittevernstiltak. Vidare gjekk dei andre 5 gudstenestene i januar og første gudstenesta i februar ut grunna smittevern. Soknepresten, Morten Torsvik, prioriterte likevel å døypa. Han tok imot ein og ein familie. Mellom kvar familie var det smittevernvaske.

Smitten var rundt oss heile vårhalvåret. Restriksjonane vart tekne vekk etter kvart. Vi våga ikkje ha sundagsskule, for vi hadde ikkje ei fast barnegruppe. Ungane fekk tøyposar med fargar, sundagsskuleblad og kopierte ark. Det var få born som kom i kyrkja.

Konfirmantane vart konfirmerte på våren, og alle kunne møta til sin dag i kyrkja!

Dette kunne vi gjennomføra:

- Basar 26. mars.
- Medarbeidarfest 4. mai

- Aksjon «Godheit» 10.-12. mai
- Markering av takk til tidlegare kantor Olav Sørheim ved kyrkjekaffi (nesten to år etter han gjekk av.)
- Pilegrimsvandring frå Morland til Fjell med etterfølgjande gudsteneste.(22.05)
- Avskilsgudsteneste med sokneprest Morten Torsvik (19.06)med etterfølgjande kyrkjekaffi.

Onsdagane

Onsdagane har vi hatt open kyrkje. I vårhalvåret frå 07.00 med morgonbøn til 7.20. Kl. 10.00 turgruppe, 11.00 kaffi og vaflar. kl. 12.00 middagsbøn.

Frå midten av august har vi hatt open kyrkje frå kl. 09.00-13.00. Diakon Astrid Fylling eller ein annan tilsett har vore der, og frivillige har sytt for vaffelrøre. Vi har hatt kaffikos kl. 11.00, middagsbøn kl.12.00 og tur etterpå. På middagsbøna har det vore alt frå 5-6 til over 40. Fleire gonger har det kome innom ulike barnehagegrupper som har vore på tur. Fantastiske møte!

På onsdag kveldstid har vi hatt ulike tema, bibeltimar og songkveldar. I hausthalvåret hadde vi 6 temakveldar med trusopplæring for vaksne. I tillegg salmekveldar og historiske tema. Mellom 19 og 29 har møtt fram.

«Fest på kjerka» 17.11.

Nye tilsette

Soknerådet fekk vera med å utforma utlysingstekst for ny sokneprest.

Mykje «går av seg sjølv» når alle ansvarsområda har folk på plass. Vi stod utan fast prest frå juli til medio oktober. Gode vikarar fekk vi i prostiprestane Kjell-Asle Børnes og Knut Kaldestad. Sistnemnde hadde eit særleg ansvar for Fjell. Kyrkjevevja fekk ordna eit prosjekt der vi fekk Anne Ludvigsen Kaldestad inn i ein 20% ekstra stilling for Fjell. Det har gitt samanheng i arbeid og informasjon for kyrkjelyden. I tillegg har Bjarte Nese, sokneprest i Landro stilt opp for oss både som prest og prost.

Ny konfirmantlærer Ole Kristian Hamre.

Ny sokneprest Per Hjemdal innsetjingsgudsteneste 23.10.



Fjell sokneråd

Fjell sokneråd har 6 valde medlemmer: Jorunn Småbrekke Gjersvik, leiar. Ragnhild Andersland, nestleiar. Arvid Nese, Helge Nilsen, Søgne Lillevik Nilsen og Eigil Nødtvedt.

Soknepresten er fast medlem: Morten Torsvik ut juni 2022. (prostiprest Knut Kaldestad, vara). Per Hjemdal medio oktober og ut 2022.

Arvid Nese møter også i fellesrådet med Eigil Nødtvedt som vara.

Varafolk elles: Rachael Lorna Tuftt, Hildegunn Romarheim Heie, Gyri Ann Lie, Anne Elisabeth Hornnes og Hans Kristian Hornnes.

Fjell sokneråd har hatt 9 møte og behandla 96 saker. Av sakene kan vi nemna: Ny sokneprest. Ny biskop. Rehabilitering av Fjell kyrkje. Onsdagane. Budsjettet 2022. Økonomi. Godkjenning av gudstenesteordninga med dei musikalske vedtaka. Mottoet vårt. Årsmelding 2021. Årshjul. Jubileumskomiteé. Julefest. Felles soknerådsarbeid. Samarbeid sokneråd/ sokneteam. Grunnbemanning i sokna og finansiering av 20 % barne- og ungdomsarbeid. Ny dirigent i barnekoret. Nyttårsmesse. Gjevarteneste, kurs. Takkofferliste .

Sokneteam (tilsette) / Sokneråd 1 møte vår, 2 møte haust.

Utval

Frivilligutvalet: Gerd Fjeld Andersen, Hildegunn Heie, Sigrunn Bergsvik. Gerd Fjeld Andersen har kontakta og sett opp halvårleg liste for medliturgar, kyrkjevertar og dei som lagar kyrkjekaffi. Ingen fysiske møte.

Gudstenesteutvalet: Ingen møte.

Salmeutval: Eivind Kausland Lie, Malgorzata Anna Tveit, Morten Torsvik, Ragnhild Andersland. 3 møte.

Informasjonsutvalet: Utforming av skjermbilete og informasjon i kyrkjelydsalen er god ivareteken av informasjonskonsulent på felleskontoret. Tor Amund Gjersvik tek seg av programfaldar, samlar inn oppdatert ny informasjon og gjer endringar. Digital kommunikasjon.

Onsdagsgruppeutvalet: Programgruppe for onsdagskveldane under soknerådet. Ragnhild Andersland, Arne Engelsen, Malgorzata Anna Tveit, Anne Ludviksen Kaldestad + SOKNEPREST. 3 møte

Aksjon «Godheit»: Eigil Nødtvedt, Arvid Nese. + andre kyrkjer og andre kristne trussamfunn.

Dette vil vi vidare

- Starta prosessen med diakoniuval. Diakonen vår underviser oss i «Heilskapleg kyrkjelydsplan».
- Rydding i utval. Kva utval er tenlege å ha?
- Relasjonsbygging: Få fleire med i kyrkjelyden og fleire til å dele på oppgåvene.
- Best mogeleg strategisk arbeid for å nå målet: «Nær Gud, nær menneske ved å
- forkynna Kristus skal vi byggja kyrkjelyd og fremje rettferd.»
- Presten og organisten ut i kyrkjelyden.
- Styrkja økonomien. Gjevarteneste.



ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Per Hjemdal
Sokneprest

Å skrive sokneprestens årsmelding for 2022, er ikkje heilt enkelt. Eg tok til i stillinga medio oktober, men den første tida blei mykje prega av personlege forhold som tok tid og merksemd, men ikkje var til å komme unna.

Uansett kan vi iallfall takke Morten Torsvik for tenesta som sokneprest gjennom eit par vanskelege år, for ein stor del prega av pandemi. Morten Torsvik og hans kone fekk kall til å bli misjonærar for NLM, og dette kallet kjende dei det rett å takke ja til. Dermed blei hans teneste i Fjell kortare enn kanskje planlagt.

Prostiprest Knut Kaldestad fekk eit særleg ansvar for Fjell kyrkjelyd i overgangen mellom Torsviks avgang og at eg byrja. Denne oppgåva løyse Kaldestad på trygt og godt vis, slik vi har lært å kunne rekne med frå den kanten.

For eige vedkommande har inngangen til tenesta vært god og venleg, med fleire som har uttrykt glede og forventning til det ny prest har å komme med. Ei flott innsetjingsgudsteneste den 23. oktober, der fleire born fekk vere med å be for meg ved alterringen, var sterkt.


Som den nye presten har det vært godt å merke glede og forventning, som sagt, slik den har kome til uttrykk i iver og innsatsvilje. Julevandring med barnehagane involverte både tilsette og frivillige, og blei tatt godt imot av barnehagane. Det er tydeleg at det er gode band mellom kyrkje og både barnehage og skule. Det siste viste seg ved skulegudstenester til jul, der alle skulane kom til kyrkje, unntatt ein, som til gjengjeld skipa til gudsteneste på skulen, om presten kunne komme dit. Og det kunne han, så klart, saman med trusopplærar.

På same vis var det kjekt å feire vanleg julaftans gudsteneste, sjølv om oppmøtet var noko lågare enn tidlegare år, før pandemien.

Det er i grunnen det som er å si frå sokneprestens side om året 2022. Når vi no har gått inn i 2023, er det med optimisme, trass i dei utfordringar vi veit kjem i samband med renovering av kyrkja. Men vi går på med krum hals og ser fram til å finne ut kva det vil sei å vere Fjell kyrkjelyd også i ei tid som på nokre måtar vil likne pandemien. Vi vil sjølvsgt framleis samlast i Jesu namn, om enn det skjer i mindre sakrale lokale. Vi håper på eit godt soknerådsvil til hausten, og at vi saman som stab, sokneråd og kyrkjelyd skal løyse utfordringane som kjem på ein best mogleg måte.


STATISTIKK

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



Søylene visar det totale antal gudstenedeltakarar sidan 2018 og antal døyppte i Fjell sokn sidan 2016.

ANTAL DØYPTTE



ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Barn og ungdom

Trusopplæringsprogrammet «T-dagen» er eit samarbeid mellom dei tre sokna Fjell, Foldnes og Landro. Det betyr mellom anna at der T-dagen vert arrangert i eller ved éi av kyrkjene, er borna og ungdomane i dei to andre sokna også invitert.

FUNK er forkorting for «For Ungdom i Kyrkja», og er namnet på det ungdomsarbeidet som er felles for alle dei tre kyrkjelydane som samarbeidar om mykje av ungdomsarbeidet: Konfirmantarbeidet, leiar kurset, turar og leiarweekend, Adventfest og Sommarfest.

Også i 2022 har alle døypte og tilhøyrande blitt inviterte til T-dagane, dei fleste gjennom invitasjon i posten, og i tillegg med invitasjonar gjennom facebooksidene til kyrkja og gjennom Kyrkjebladet, kunngjeringane og gjennom SMS:

Konfirmantane i 2022 vart konfirmerte i mai. Det var 82 (83 % av 99 døypte) konfirmantar som avslutta året med høgtidelege gudstenester! Under Fasteaksjonen 2022 samla konfirmantane inn kr 54.000,-.

Konfirmantåret hausten 2022 starta i september med T14, medan den ordinære undervisninga starta først i november, då ny prest hadde byrja. Dette konfirmantåret testar vi ut ei ny form på undervisninga, med to store grupper konfirmantar (ca 50 i kvar gruppe), og

stasjonsundervisning, med tre-fire tilsette som står saman om samlingane. Frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden har stilt opp på konfirmantsamlingane med vertskapsoppgåver som matlaging og praktisk hjelp rundt måltidene. Konfirmantlærarteamet av tilsette i år er: Hermund Nese-Røsten, Per Hjemdal og Ole Kristian Hamre.

Det er variert oppslutning om T-dagane, men i 2022 har me ein rekord med 101 5.-klassingar som kom på T10 HalloTweens. T10 har alltid vore populært, og me trur at både aldersgruppa og «klubb»-formen gjer det attraktivt å komme. Mange kjem tilbake på Tweenskveldane.

Babysong har også hatt eit stort oppsving på statistikken i 2022, mykje fordi T-dagen og Open barnehage har starta eit samarbeid om babysongen, slik at vi no saman tilbyr babysong i alle dei tre kyrkjene!

Me er utruleg takksame for alle frivillige medarbeidarar som stiller på T-dagane.

Tweens

I januar var det høg smitte, og Tweens vart arrangert utandørs på Skogtun éin gong, og inne i Fjell kyrkje og med påmelding éin gong. Frå februar vart Tweens arrangert som vanleg i Fjell kyrkje, utan påmelding eller andre restriksjonar.





Me er tre tilsette, som rullerer på å ha ansvaret på Tweens. Vi er alltid to tilsette på kvar klubbkveld pluss fleire trufaste, trygge vaksne som stiller gong etter gong.

Me har hatt stor glede av å kunne bruke bilete på storskjerm til å fortelje historier frå Bibelen og til anna bruk som quiz, musikk ol. Antal Tweens: 30-60 og antal vaksne: 5-8.

Tweens+

Tweens+ gjengen har vore ei lita gruppe ungdommar (8. Klasse og oppover), som både deltar og er hjelpeleiarar på Tweens. Dei er dyktige og veks med oppgåvene. Frå hausten-22 vart Tweens+ ei hjelpeleiar-interessegruppe for konfirmantane. Mellom 5-10 har vore med på Tweens+.

Søndagsskule

Søndagsskulen vart starta opp igjen i starten av februar. Dåpsgudstjenestane vart prioriterte av våre trufaste leiarar. 8 av 13 søndagsskuler var delte, kor dei som ville var i kjellaren, og dei over skulealder var i gymsalen kor det både var aktivitet og andakt. Vi bruker framleis Sprell Levande, men alle vel sjølv kva opplegg dei vil bruke.

Antal i kjellar: 1-15 born

Antal i gymsal: 1-7

Det var to inspirasjonssamlingar i Fjell kyrkje som vart arrangert av Søndagsskulen Bergen Krets. Alle søndagsskulelærarane i prostiet var inviterte.

Samarbeid med barnehagar og skular

Også året 2022 viser at både skular og barnehagar verdset og prioriterer tilboda om samarbeid med kyrkja. Saman er vi kulturberarar i våre nærmiljø i kommunen.

Av møtepunkt med skulane:

- Adventsgudstjenester for alle barneskulane, to av desse vart arrangerte i gymsalen på Skålevik skule, på grunn av manglande økonomi til busstransport til kyrkja.
- Kyrkjevandringar for 3.klasse, for alle skulane. Kvar skule kjem med 3.klassingane sine til ein heil skuledag i kyrkja på oppdagingsferd etter tradisjonane, ritane, historia og kunsten i lokalkyrkja og lokalkyrkjelyden. På desse dagane er vi heldige og styrker staben: Medarbeidarane i Kyrkjepedagogisk forum bidrar med si pedagogiske erfaring og kompetanse, og gjer at det faglege opplegget rundt "Kyrkja vår" blir styrka og vi merker at vaksentettleiken gjev stor tryggleik.
- Vandring på gravplassen og arbeid med sorg for alle 2.klassane.
- Tilbod om kurset Vandring gjennom Bibelen for 5.klassane. Fire skuletimar med oversikt over Bibelsoga.


Barnehagane

Barnehagane i kommunen fekk også i 2022 gjennomføre sine møtepunkt med kyrkja som normalt. Her er det både påskevandringar, påskesamlingar og julevandringar i og utanfor kyrkjene. Nokre av barnehagane i nærmiljøet har vore innoom kyrkja på planlagte og uplanlagte besøk gjennom året.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK


BABYSONG



T4 KYRKJEBOKA




T10 HALLOTWEENS



T15 KONFIRMANT



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR





ÅRSMELDING FRÅ DIAKONEN



Astrid Fylling

Diakon

I Fjell vart 2022 ei spennande år med skifte i både prestestilling og kateketstilling. Det gjorde at kyrkjelydsarbeidet var litt på vent og nytenkinga ikkje var så aktiv.

Onsdag: I 2022 fortsette onsdagspulsen med open kyrkje, vaffeldrøs, middagsbøn, tur og fellesskapsamling om kvelden.

Opent hus har vore ein puls heile året. Fleire har vore innom, frå barnehagegrupper til einskildmenneske som treng å sitte i stille eller prata med nokon. Nokon kjem til vaffeldrøsen kl. 11 og går før middagsbøna kl. 12. Andre deltek på Nokre onsdagskveldar i vår hadde vi diakonikurs der vi underviste om diakoni. Torbjørn Fjøren og Astrid Fylling var foredragshaldarar. Heftet "use your talents" vart presentert ein av kveldane. Vi hadde òg ein onsdag med fokus på frivilligheit og aktivitetar i kyrkjelyden.

Sorg og oppfølging ved sorg: Det er ei jamn oppfølging av sørgjande, både med prest og diakon som utøvande medarbeidarar. Diakont vil vi gjerne inkludera menneske som er blitt åleine i kyrkjeleg fellesskap. Onsdagane er tenkt som eit slikt fellesskap der menneske som treng nokon å vere saman med eller gå tur med,

kan kome innom. I 2022 hadde diakonen jamne samtalar med sørgjande. Nokre òg med nettverket for å hjelpe dei som står rundt den sørgjande. I desember starta vi opp sorggruppe for heile kommunen. Dette er eit samarbeid med kreftkoordinator. Vi får òg jamt førespurnadar frå tilsette i kommunen; heimesjukepleiarar, barnevern, fastlegar og andre som ber diakonane om å besøke nokon som ynskjer samtale.

Allehelgensdag ble markert både med utdeling av brosjyrar og lys på Sartor laurdag, og gudsteneste der pårørande det siste året vart invitert. Vi delte ut 250 sorglys på Sartor. Det er ei god oppleving der kyrkja kan vende seg til alle og gje noko konkret som menneske kan gjere for å markere eit sagn. Det blir mange små og viktige samtalar ein slik dag. Minnegudstenesta var òg fin. Vi leste opp namna på og tenkte lys for alle som var gravlagd frå fjell sidan sist Allehelgen. Til slutt forma lysa eit kors.

I samarbeid med dei andre kyrkjelydane, arrangerte vi kurs for pårørande "Korleis vere ein god ven for nokon som er i sorg?". Dette var i slutten av oktober og Eli Landro var foredragshaldar. Det var fleire tilsette i omsorgstenesta som kom på kurset.

Uka etter Allehelgen var temaet på onsdagskvelden i Fjell "Livet er skjørt". Diakonen var foredragshaldar.



ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Malgorzata Anna Tveit
Kantor

Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore knytt til gudstenester, gravferder, vigslar, konsertar, samarbeid med grunnskule/ barnehage og til Fjell Vocalis som utfører forsangarteneste i Fjell kyrkje.

Det har vore medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, Fjell Vocalis, Sotra Reviderte, Fjell barnekor og Øygarden kyrkjebrass.

2022 har også vore noko påverka av Covid-pandemien, men det var ikkje så stor innverknad på det musikalske livet i kyrkjelyden som i dei to førre åra og vi begynte etterkvart å komme til det normale.

Våren 2022

Våren 2022 tok Sotra Reviderte pause i nokre månader, samtidig vart det starta ei ny sanggruppe - Fjell Vocalis. Fjell Vocalis hadde to konsertar i Fjell og ein konsert i Sund kyrkje. Fjell Vocalis har også regelmessig deltatt i gudstenestene i Fjell kyrkje som forsangarar. Fjell

barnekor har også bidratt i gudstenestene og deltok også i sommarkonserten.

Hausten 2022

Arbeidet som kantor i Fjell i 2022 var å spele under gravferder og gudstenester og å øve med solistar og musikkgrupper. Vi gjennomførte T-dagar, barnehagevandringar, salmekveld i adventstida, å få øve med solistar og få dei med på gudstenester i advent og jul 2022.

Fjell Barnekor

Barnekoret har hatt 15 øvingar, fire opptredener og ca. 10 frammøtte i gjennomsnitt på øvingane. Marlene Mortensen har dirigert Og Eivind Kausland Lie har spelt til. Fire konfirmantar har også vore hjelpeleiarar på øvingane.

Gospel-søndag

Fire gonger i året samlar Fjell kyrkje folk frå alle kristne miljø på Sotra til gospelsong. I 2022 var det tre samlingar og fullsett kyrkje kvar gong. Lars Erik Lotsberg og Svein Artur Pedersen har med seg lokale musikarar og vokalistar. Det har kome inn store takkoffer til barn og unge, og lyd og bilete desse kveldane.

Konsertaktivitetar i 2022

I tillegg til faste aktivitetar i kyrkja hadde vi også samarbeid med eksterne gjestar og dette resulterte i 3 konsertar i løpet av våren 2022.

I februar fekk vi besøk av profesjonelle musikarar frå gamle «Sogn og Fjordane» og vi hadde saman ein flott konsert med renessanse og barokkmusikk. I mars hadde vi ein konsert med to flinke jenter frå Osterøy norsk folkemusikk på hardingfele. I april fekk vi besøk av ein av dei fremste organistar i Noreg, Ivar Mæland, og fekk høyre på flott orgelkonsert.

I september 22 var vi medarrangør av Øygarden kyrkjemusikkfestival. I løpet av festivalen hadde vi 10 konsertar og 3 av dei var i Fjell kyrkje. På

opningskonserten på fredagen deltok alle våre flinke organistar frå Øygarden, på laurdagen fekk vi høyre flott orgelspel av Hermund Rebnord og på onsdagen i festivalveka fekk vi mogelegheit til å delta på den fantastiske Taize-kvelden med Fjell Vocalis i Fjell kyrkje. Dei andre konsertane i festivalveka hadde vi i dei andre kyrkjene våre i Øygarden.

I november var det ein konsert med Sotra Reviderte. I desember bidrog Fjell Vocalis med flott salmekveld/-konsert med advent og julesalmar og seinare i månaden deltok Fjell Vocalis saman med TenSing og fleire andre deltakarar i Vi syng jula inn.

I desember 22 hadde vi også fleire flotte julekonsertar av eksterne artistar.



Medarbeidarane i Fjell sokneteamb:

| Medarbeidar | Stilling |
|------------------------|--------------------------|
| Per Hjemdal | Sokneprest |
| Anne L. Kaldestad | Soknetamleiar |
| Malgorzata Anna Tveit | Organist |
| Line Steinsland Mosnes | Administrasjonskonsulent |
| Ole Kristian Hamre | Trusopplæringsleiar |
| Søgnie Lillevik Nilsen | Kyrkjelydspedagog |
| Astrid Fylling | Diakon |
| Ingalis Apelthun Malmo | Kyrkjetenar |
| Hermund Lie Røsten | Ungdomsarbeidar |

Årsrekneskapan for Fjell sokneråd 2022

Fjell sokneråd har i 2022 hatt samla driftsutgifter på kr 438 436

Fjell sokneråd har i 2022 hatt samla driftsinntekter på kr 420 070

Dette gjev eit negativt resultat før finansierings-transaksjonar og avsetjingar til fond på kr 18 367. Fjell sokneråd set av kr 42 000 til ulike fond; Fond barne- og ungdomsarbeid, fond søndagsskule, fond Fjell Tweens, fond kyrkjemusikk og nytt fond Fjell misjonsprosjekt. Etter dette er det eit overerskot på kr 12 046,02 som vert sett av på soknerådet sitt disposisjonsfond.

Merknader: Prosjekt lyd og bilete vart avslutta i 2022. Fjell sokneråd har betalt Øygarden kyrkjelege fellesråd restsummen på 97 069,37. Kr 28 750 er dekt av innsamla midlar i 2022. Restsummen kr 68 319,37 må dekkjast inn av disposisjonsfond.

Vi vil retta ei stor TAKK til alle som har støtta Fjell sokneråd på mange ulike måtar i 2022.

